



## RETTLEIAR OM SKOLESKYSS SKOLEÅRET 2023/2024





## Kven har rett på gratis skoleskyss?

- Vidaregåande elevar som bur **utanfor** ungdomsbillettområdet eller er for gammal til å kjøpe ungdomsbillett, og har meir enn 6 km til skolen
- Elevar med varig eller mellombels funksjonshemning/sjukdom kan ha rett på skyss mellom skole og heim uavhengig av reiselengde

Detaljert skoleskyssreglement og kart over ungdomsbillettområdet finn du på  
[www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)

## Slik søker de om skoleskyss

Vidaregåande elevar som bur **utanfor** ungdomsbillettområdet og skal søke om skoleskyss med buss, kan søke sjølv via sjølvbeteningsportalen på <https://skuleskyss.vlfk.no/>

Skolen må sende inn søknad for elevar som bur innanfor ungdomsbillettområdet og er over 21 år. Dette gjeld også dersom eleven skal søke om skoleskyss på medisinsk grunnlag eller manglar kollektivtilbod.

Dersom ein søker om skyss på grunnlag av **varig funksjonshemmning/sjukdom** må det leggjast ved legeerklæring. Vi tilrar å bruke legeerklæringa som ligg på Skyss si nettside. Denne er også tilgjengeleg i legane sitt journalsystem i Hordaland.

Skyss samarbeider med den fylkeskommunale legenemnda rundt medisinsk skyss. Den fylkeskommunale legenemnda beståande av spesialistar innan allmennmedisin vil kunne vurdere legeerklæringa, og vurdere eleven sitt transportbehov.

Søknader om **mellombels medisinsk skyss** som skuldast mellombels akutt fysisk skade handsamast og bestillast av skolen i Skyss Elev. Behovet for skyss skal vere stadfesta og tidsavgrensa med legeerklæring (maksimalt 8 veker), og denne må ligge ved søknaden i Skyss Elev. Ta kontakt med Skyss dersom eit skyssopplegg vert svært kostbart.

Eventuelle søknader om mellombels skyss som skuldast andre årsaker enn mellombels akutt fysisk skade skal handsamast av Skyss.

## Frist for innmelding av elevsøknader

Frist 15. juni for innmelding av medisinske søknader. Søknadar om tilrettelagt transport som kjem inn etter 1. august får inntil 14 dagars behandlingstid. Dette gjeld også ved feil i søknader (for eksempel timeplanar, adresse etc). Transport i påvente av godkjent søknad om skoleskyss må ordnast sjølv.

## Avvik i sluttider (til dømes kortare dag siste skoledag før feriar)

Skoleskyssen er sett opp til skolen sine faste og ordinære start- og sluttider. Ved behov for transport til andre tidspunkt må skolen bestille og finansiere denne transporten sjølv.

## Skolen si rettleiingsplikt

Skolen må bidra til å informere elevane om skyssrettane deira.

## Skolekort

### Gjeld gamle Hordaland:

Skolekort blir utlevert på skolen. Elevar som har skolekort frå tidlegare skoleår skal nytte det same kortet, og må få oblat med nytt skoleår som skal klistrast over førre skoleår. Det er derfor viktig at elevane får beskjed om å ta vare på skolekortet sitt i sommarferien.

Elevar i VG1 og elevar som har mista skolekortet og/eller har flytta/bytta skole må få utdelt mellombels skolekort.

## Oblatar og mellombelse skolekort blir sendt til skolen i forkant av nytt skoleår.

Det blir sendt ut prega kort med namn til elevane i VG1 før haustferien. For elevar som enten har mista skolekortet eller får innvilga skoleskyss i løpet av året, deler skolen ut ekstrakort. Det er viktig at skolane fører på eleven sitt namn og gyldige haldeplassar (sistnemnde finn de i Skyss Elev).



## Gjeld gamle Sogn og Fjordane

Elevar som får innvilga buss får utdelt skolekort som inneholder to daglege reiser mellom heim og skole. Skolekortet skal registrerast på billettmaskina ved påstigning. Elevar som har skolekort fra tidlegare skoleår, skal nytte det same kortet. Det blir sendt ut nytt skolekort til nye elevar før nytt skuleår.

## Kombikort

### Gjeld gamle Hordaland

Elevar som reiser med tog/båt må ha kombikort der tog/båt-strekninga står prega på kortet. (Dette gjeld ikke ferje, da passasjerar reiser gratis grunna AutoPass).

Elevar får reise med mellombels skolekort på tog/båt ut august månad, så det er svært viktig at skolane bestiller kombikort til elevar som treng dette før september.

De bestiller kombikort ved å sende e-post til [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)

## Sjekke status på søknaden

Skolane kan følgje med på status for søknadene i Skyss Elev. Alle skolane sine søknader vil vere tilgjengelege under fana «Bestillingar». Når søknaden er endeleg godkjent og ferdig handsama vil søknaden ha statusen «Godkjent».

Status	Forklaring
Godkjent	<i>Søknaden er ferdig handsama og eleven er tildelt eit transportopplegg.</i>
Må behandlast	<i>Avventar manuell sakshandsaming.</i>
Inaktiv	<i>Søknaden er utløpt. Ein må hake av status inaktiv for å få opp eleven på lista over bestillingar.</i>
Avvist	<i>Søknaden er ikkje godkjent. Ein må hake av status avvist for å få opp eleven på lista over bestillingar.</i>
Under behandling	<i>Søknaden er under handsaming.</i>

## Foresette som ikkje skal ha informasjon om eleven må bli fjerna i Skyss Elev

For alle elevar som blir meldt inn i Skyss Elev vert det i utgangspunktet sendt vedtak til begge føresette som er knytt til eleven i folkeregisteret. Foresette som ikkje skal ha informasjon om eleven, må derfor bli fjerna manuelt ved innmelding av eleven i Skyss Elev.

## Vedtak

Vedtak blir sendt via Digipost. Ved utsending av vedtak vil det berre gå fram kva transportmiddel eleven har fått innvilga skoleskyss med (t.d. buss eller tilrettelagt transport). Det vil ikkje gå fram detaljert informasjon om elevane sitt transportopplegg. Skolane må vere behjelpelege med å skaffe denne informasjonen til elevane/føresette (t.d. sjekke Skyss Elev og/eller gje relevant kontaktinformasjon til drosjeoperatør).

## Utplassering

I dei tilfella der utplassering av elevar er ein obligatorisk del av undervisninga blir skoleskyss dekka etter same reglar som for skyss mellom heim og skole. Reglane om Ungdomsbillett gjeld også med omsyn til skyss til/frå praksisplass. Adressa til praksisplassen må leggjast inn i søknaden til eleven i Skyss Elev. Dersom det blir innvilga buss må skolekortet bli påført haldeplassen til praksisplass for å vere gyldig. Hugs å sjekke kollektivtilbod før ein søker om praksisplass.

## Tilrettelagt skoleskyss

All skoleskyss skal som hovudregel bli utført med kollektivtransport. Elevar med rett til gratis skoleskyss som ikkje kan nyte seg av kollektivtilboden, kan sjekke om tilrettelagt skyss på heile eller delar av strekninga dersom eit eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt:

- behov for anna skyss enn buss grunna varig eller mellombels funksjonshemmning/sjukdom
- manglande kollektivtilbod på strekninga der eleven har rett til skoleskyss på grunn av avstand



## Hentetider tilrettelagt skyss

Skoleskyssen blir sett opp til **faste start- og sluttider**, og konkrete hentetider kan skolen (ev. foreldre/elev) få opplyst av den aktuelle drosjetransportøren etter at søknad er godkjent. Det er viktig at det er registrert riktig timeplan, då det er denne som er utgangspunkt for hentetider og samkøyring som blir planlagt. Henting utanom faste hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova.

Skoleskyss med drosje er basert på samkøyring med andre elevar.

## Privat skyss og godtjersle

For elevar som har fått **innvilga tilrettelagt skoleskyss med drosje** kan føresette/elev søkje om å få vere ansvarleg for skyssen sjølv mot refusjon. Ta kontakt med [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no) dersom dette er aktuelt.

Skyss refunderer berre førehandsgodkjent privat køyring. Søknader som vert sendt inn etter skolestart blir godtjort frå den datoén søknaden er sendt inn, dersom søknaden blir godkjent.

I dei tilfella der privat skyss blir godkjent skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gong pr. halvår. Refusjonsskjema finn de på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss).

## Kontaktinformasjon Skyss

E-post: [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)

Telefon: 55 55 90 70, tasteval 2.

(Opningstid mellom kl. 09-12 alle skoledagar

Nettside: [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)



# Årshjul for skoleskyss

April/Mai	<ul style="list-style-type: none"><li>Skolane registererer medisinske søknader i Skyss Elev (Frist 15. juni)</li></ul>
Juni/juli	<ul style="list-style-type: none"><li><b>Gjeld gamle Hordaland:</b> Utsending av skolekort til skolane for nytt skoleår</li><li>Transportbestillingar for <u>tilrettelagt skyss</u> blir sendt transportør fortløpande, og inneholder informasjonen som skolen har meldt inn i Skyss Elev. Dersom søknader inneholder feil informasjon, t.d. feil adresse eller feile opplysingar om behov for hjelpemiddel, kan ein ikkje pårekna å ha korrekt transport på plass ved oppstart i august.</li><li>Elevar som får tildelt skoleplass får tilsendt SMS om at dei kan søkje om skoleskyss sjølv på <a href="https://skuleskyss.vlfk.no">https://skuleskyss.vlfk.no</a> dersom dei treng buss og bur utanfor ungdomsbillettområde</li></ul>
Juli	<ul style="list-style-type: none"><li>Rutetider for hausten er tilgjengelege i reiseplanleggen på <a href="http://www.skyss.no">www.skyss.no</a>. Søk frå eleven si heimeadresse/haldeplass til skolen</li><li>De vil også kunne sjå eleven sitt reisetilbod i Skyss Elev (ved kollektivreiser; hugs å velje «hent kollektivilbod» for å sikre at dette er oppdatert – blir ikkje oppdatert automatisk).</li></ul>
1. august	<ul style="list-style-type: none"><li>Frå og med 1. august får alle nye søknader og endringar i eksisterande søknader, inntil 14 dagars handsamingstid grunna oppstart av nytt skoleår og stor saksmengd. Inntil søknad om skoleskyss er handsama og innvilga må transport til/frå skole løysast på eiga hand.</li></ul>
August	<ul style="list-style-type: none"><li><b>Gjeld gamle Hordaland:</b> Skolane må bestille kombikort til elevar som reiser med tog/båt fortløpande, da mellombelse kort berre kan brukast på desse transportmidla ut august. Kombikort bestillast ved å sende e-post til <a href="mailto:skoleskyss@skyss.no">skoleskyss@skyss.no</a></li><li><b>Gjeld gamle Sogn og Fjordane:</b> Skolekort til nye elevar vert sendt til skolen</li></ul>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"><li><b>Gjeld gamle Hordaland:</b> Prega kort til elevar i VG1 og ekstrakort blir sendt til skolen før haustferien</li></ul>